



## Notat

Dato: 19.03.2015  
Arkivsak: 2014/12111-3  
Saksbehandlar: gurklyv

---

<b>Til:</b>	Rune Haugsdal; Fylkesrådmann
<b>Frå:</b>	Guro Klyve, Eigedomsseksjonen

---

### **Nye Åsane vgs - kjøp av tilleggsareal på ca. 2 mål frå Bergen kommune. Underteikning av kjøpekontrakt.**

U. Phil vgs. og Åsane vgs. vert slått saman og samlokalisert til ein ny stor vidaregåande skule i Åsane. Den nye skulen vil verte bygd i tilknytning til U. Phil vgs.

Hordaland fylkeskommune eig heile arealet som den nye skulen skal byggjast på, med unntak av ca. 2 mål. Arealet på ca. 2 mål, som er ein del av gnr. 188 bnr. 24, tilhøyrrer Bergen kommune.

Fylkeskommunen og Bergen kommune har forhandla fram ein avtale om kjøp av det aktuelle arealet for kr. 3.900 pr. kvm.

Parsellen må fradelast og nøyaktig areal vil verte klårlagt ved gjennomføring av oppmålingsforretning. Kjøpesummen skal betalast til kommunen først når arealet er fastsett. Dersom tomte er på akkurat 2 mål vil kjøpesummen verte kr. 7.800.000. I tillegg skal fylkeskommunen dekke tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Kostnadene vert dekt av investeringsmidlar for vidaregåande skular i Åsane.

Saka vart handsama i fylkestinget den 10.03.2015, sak 21/2015, og det vart fatta følgjande vedtak:

*«Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune for kr. 3.900 pr. kvm.»*

Vedlagt følgjer kjøpekontrakten i 2 eksemplar for signatur.

Helge Haavardtun  
eigedomssjef

Guro Klyve  
stabsleiar

#### Vedlegg

- 1 Saksprotokoll
- 2 Kjøpekontrakt